



Møteprotokoll Formannskapet

Møtedato: 19.03.2020

Møtestad: Austrheim samfunnshus

Møtetid: 09:00 - 12:45

I dette møtet er det orienteringar om:

- Økonomirapportering (Olav B. Andersen)
- Orientering om arbeidet med Korona-beredskap (Monika Kvamme)
- Behov for å justera budsjett for flytting av investeringsmidlar frå V/A til fullføring av hjartesone Kaland (Rolf Henning Myrmel/Olav B. Andersen)

Og om arbeidet med konkrete verbapunkt frå budsjettvedtaket 12.12.19:

Punkt 12:

- Utgreiing av ei samling av ungdomsskuletrinnet (Bjørnar Fjellhaug)
- Utgreiing av ei samling av mellomtrinnet (Bjørnar Fjellhaug)
- Råd om skulestrukturen i framtida (Bjørnar Fjellhaug)
- Drøftingar med Alver om Åsheim-elevar (Bjørnar Fjellhaug)

Punkt 13/14: - Samling av 8. klasse 2020/21 på Årås skule (Bjørnar Fjellhaug)

Punkt 15: - Arbeidet med Eldremeldinga (Monika Kvamme)

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognnes	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland	SP	Medlem
Dyrkolbotn		

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Lise Renate Helle	SP	Varamedlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Varamedlem

Desse møtte frå adminstrasjon:

Asbjørn Nagell Toft, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Monika Kvamme, Olav Birger Andersen, Thomas Lindås.

Austrheim 27. mars 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
019/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
020/20	Godkjenning av møteprotokoll
021/20	Meldingar
022/20	Delegerte saker
023/20	Orienteringssak
024/20	Budsjettoppfølging per februar 2020
003/20	Kommunale biler og transportbehov
025/20	Skilting Vardevegen
026/20	Søknad om tilskot frå næringsfondet
027/20	Detaljregulering for Næringsområde N41 og N42 Kaland, vest for Mongstadkrysset, planid. 2018002 - Offentleg ettersyn
028/20	Dispensasjon frå plankrav til bygging av eit lagerbygg i eit steinbrudd på gbnr. 160/10-Rebnor
029/20	Godkjenning av mindre planendring av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002
030/20	Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan til parkeringsplass og til dispensasjon frå kommuneplan til mindre flytebryggje
031/20	Smittevernplan for Austrheim kommune 2020 - Godkjenning
032/20	Prikktildeling Kilstraumen Brygge AS
033/20	Tilsynsstrategi Austrheim kommune 2020

019/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samråystes vedteke

FS - 019/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

020/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samråystes vedteke

FS - 020/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

021/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Arealet det er tale om vart vist på storskjermeen.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

FS - 021/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Meldinga vart teke til orientering.

022/20: Delegerte saker

Rådmannen sitt framlegg:

Delegerte saker vert tekne til orientering

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 022/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Delegerte saker vart tekne til orientering

023/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme, orienterte om kommunen sitt arbeid med Korona-epidemien.

- Austrheim kommunen starta arbeidet alt den 5. mars, før første tilfelle i Norge, så ein fekk bestilt ein del materiell før alle bestilte. Har tatt inn mykje smittevernustyr frå forskjellige tilbydarar.

Det er 28 plassar på Nordliheimen, der tømte ein ei av dei tre avdelingane, og rigga Sørlia med seks rom og sju senger (eit dobbeltrom) som Korona-avdeling. Tok inn ein pasient på Nordliheimen fredag 13. mars, og laurdag 14. mars klokka 17.00 fekk ein mistanke om Korona-smitte for vedkommande. Som tiltak isolerte ein vedkommande og tilsette som hadde vore tett på, og fekk testa heile beredskapen. Fekk svar på Korona-test dagen etterpå, det var negativ test. Dei to tilsette som var med pasienten, var på jobb der til prøvesvaret kom tilbake med at det var negativ test.

- Nordliheimen har skaffa seg ei maskin for desinfisering av rom. Den fungerer slik at ein dekker det som ikkje skal sprayast, og så lar ein maskina jobba i 30 minutt i rommet. Har den først på lån, men skal kjøpa.

- Andre tiltak er at Nordliheimen er stengt for besökande, i Vestlia ser ein dette litt an så langt. I tillegg er Aufera stengt, det er også Grønt Arbeid, arbeidssenteret, Seniorsenteret og dagavdelinga. Det er også stopp i tilkjøring av hjelpemiddel.

- For dei tilsette er ein i dialog om arbeidstidsordningar i samband med Korona.

- For utkjøring av middag til heimebuande er det gjort avtale med Rigmor Ludvigsen/Frivilligsentralen om å organisera frivillige til å kjøra ut middagane.

- Av tilsette er det per 19/3 seks i karantene, tre kom att frå utlandet og tre med symptom på akutt innsettande luftvegsinfeksjon. Nordliheimen kan ikkje få sesonginfluensa inn på huset på toppen av Korona.

Rådmann Liv Løvvik viste til at administrasjonen har jobba med beredskapsplanen no i 2020, og brukta denne. Løvvik sa at Austrheim har meldt til dei andre randkommunane og Alver kommune at ein må ha varsel på førehand dersom det skjer endringar i tilbodet frå legevakta. Har bedt om ei orientering frå Alver om dette, spørsmålet går på om legevakten skal testa for Korona på kveld og i helg.

Morten Sognnes (Høgre) sa at det er bra at pleie/omsorg har vore i forkant av dette, og gav skryt til det ein hadde gjort. Sognnes la til at Austrheim må be om å få inndecking av utgifter i etterkant frå Fylkesmannen og Staten.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) spurte kva som ligg i avtalen for legevakten, om kommunane må klara seg sjølv med testing. Brekke la til at ein må evaluera i etterkant og sjå kva ein kan læra av dette. Monika Kvamme svara at legevakten skal vera Austrheim kommune sitt tilbod på kveld og helg, men at ØHD-sengene på legevakten no er stengde for bruk i samband med Korona

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det ein har gjort så langt er bra. Dyrkolbotn spurte om folk har meldt seg til å jobba i situasjonen som har oppstått.

Monika Kvamme svara at det er god dugnadsand i denne situasjonen, med tilsette som er nyleg pensjonerte og andre som vil jobba meir. Førebelts når Austrheim ikkje har fått smitte så er det bra med bemanning.

Rådmann Løvvik viste til at kommunen har sikra seg plassar i ein brakkerigg på Mongstad, og også i Kilstraumen dersom det etter kvart vert behov for isolera folk.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at frivilligsentralen har fått mange som har meldt seg til å jobba. KKL hadde sitt første møte 27. februar, det er gjort ein god jobb så langt, og så må ein berre kryssa fingrane.

Kommunalsjef helse og omsorg, Monika Kvamme, sa at ein etter planen skulle ha starta arbeidet med ny eldremelding, men at i situasjonen med Korona rekke ein ikkje å ha dette klart til 18. juni.

Eldremeldinga skulle vore tema i møte hjå både Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne no i mars, men begge desse møta vart avlyste. Er i gang med noko av arbeidet, som

delplan for demens. Har også starta arbeidet med å sjå på heiltidskultur, hatt møte med organisasjonane og dei er positive til årsturnus.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein må akseptera at eldremeldinga vert utsett.

Kommunalsjef oppvekst og kultur, Bjørnar Fjellhaug, orienterte om verbapunkt frå kommunestyrets budsjettvedtak 12.12.19.

- Det er sett i gang arbeid med ei sak om samling av ungdomstrinnet, og skal ha innstilling klar før sommaren. I denne samanhengen ser ein på skulebygga med tanke på kvar det er plass. Ser også på mellomtrinnet, og skal gje råd om ein heilskapleg plan for skulestrukturen inkludert barnehage.

Om barnehagesituasjonen sa Fjellhaug at det per i dag er fleire søkerar enn kva det er plass til. Skal alle som søker få plass, så må ein auka bemanninga.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa det må vera målet at alle born skal ha plass i barnehage.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) spurte kor mange barn det er tale om.

Kommunalsjef Fjellhaug svara at det er seks barn ein ikkje får plass til med dagens bemanning. Dette gjeld familiar der fleire foreldre er tilsette i kommunen, og eventuelt må ta permisjon om dei ikkje får plass til barnet. Det er småbarnsplassar det er tale om. Ei utvida bemanning for å gje plass til alle vil utgjera 1,8 stilling på Kaland og nærmere ei stilling i Kystbarnehagen, på Kaland frå i haust og i Kystbarnehagen frå 2021. Det er plass til barna med tanke på areal, men med desse nye vert det då fullt på Kaland, medan det er plass til fleire i Kystbarnehagen også etterpå.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at dette med bemanninga var noko ein var observant på når ein gjorde kutt, at ein kunne måtta auka opp igjen. Kommunen har ikkje råd til å seia nei til å gje plass i barnehage, folk må kunna vera i arbeid, og enkelte har lovfesta rett til plass. For kommunen er det positivt at søkartalet har auka, dette må ein berre ordna.

Rådmann Liv Løvvik sa at der det er lovfesta rett til plass så må ein berre ordna det, og Austrheim vil ha fleire barn i kommunen. Men ved auke her må kommunen trekka ned andre einingar.

Ordførar Per Lerøy sa at dette er ein situasjon kommunen vil ha, at Austrheim skal vera ein plass der folk ville flytta til. Må berre svara ja - her er det plass.

Kommunalsjef Fjellhaug sa at styrar i barnehagen har meldt om at dette er nye familiar som ikkje er etablerte i Austrheim. Folk utanfrå tek også kontakt og etterlyser om det er plass i barnehage her.

Om drøftingar med Alver, om betaling for Kaland-elevar frå Åsheim-krinsen, sa kommunalsjef Fjellhaug at det er sett opp eit møte med Alver før påske. Fredag 3. april skal Fjellhaug møta kommunalsjef for oppvekst i Alver Kristin Moe om dette. Også Alver ser på sin skulestruktur, men Austrheim har ikkje fått signal så langt om kva dette munnar ut i. Det som er klart er at Åsheim-elevane er hjarteleg velkomne til Austrheim.

Om flytting av 8. trinnet ved Kaland barne- og ungdomsskule til Årås skuleåret 20/21, sa kommunalsjef Fjellhaug at skulane er i gang med planlegging av korleis ein skal jobba desse klassane saman, og at Kaland-elevane skal verta godt ivaretekne på Årås. Det er planlagt møtepunkt, og Ungdomsklubben vil invitera desse 8. klassingane til ein middag no i mai, men på grunn av Korona er dette sett på vent.

Morten Sognnes (H) sa at det er viktig å ha med seg at desse Åsheim-elevane er ein del av samfunnet på Kaland/Fonnes, og lokalmiljøet Kaland/Fonnes skal ikkje tapa dei på grunn av at kommunegrensa er der den er.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at han er samd med Sognnes, må syta for at ein så langt som mogleg kan halda Åsheim-elevane på Kaland barne- og ungdomsskule.

Om forvalningsrapporten for spesialundervisning i skulane sa kommunalsjef Bjørnar Fjellhaug at rapporten seier at ein må jobba meir overordna med dette innan barnehage og skule. Rapporten er bestilt av Kontrollutvalet, og administrasjonen har meldt tilbake til utvalet at det skal lagast ein plan om korleis dette skal jobbast med.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at forvalningsrapporten er eit godt verktøy for å sjå kvar ein står og kvar ein skal gå vidare frå dette.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om arbeidet med dagsturhytte, der fylket gjerne vil ha denne på plass alt i 2020. Vardetangen peikar seg ut som plassering i Austrheim.

Ordførar Per Lerøy sa at det bør vera ein plan om offentleg toalett og venterom på Vardetangen, og utvida parkering der. På ferjekaien på Sævrøy bygde Statens Vegvesen eit bra venterom med toalett for 1,2 millionar kroner. Lerøy la til at eigar i kaien er Berge og Omland Hamn og tidlegare Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Varaordførar Inger Lise Brekke spurte om det er krav om universell tilkomst til dagsturhytta. Brekke spurte vidare om ein kunne ein fått til noko for Årås-krinsen i Sætremarka, kanskje med hjelp av tømrarlinja på AVS, som eit tillegg til ei hytte på Vardetangen.

Avdelingsleiar Asbjørn Toft svara at det ikkje er krav om universell tilkomst, men bra om det er enkelte stader, og det får ein til i Austrheim med ei plassering på Vardetangen.

Det har tidlegare vore tale om at Markhus Bygg med fleire skulle gje ei hytte til Austrheim med plassering på Vardetangen, dette vert ikkje realisert i denne omgang. Morten Sognnes (H) sa at kommunen gjerne må halda kontakt med Markhus vidare om dette kan komma seinare.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa om innspelet frå Brekke at det gjerne må komma ei dagsturhytte i Seteneset, og at kommunen i den samanhengen må sjå på turstien som går utover i Seteneset.

Dyrkolbotn spurte vidare om taujungelen i Seteneset, her svara rådmann Liv Løvvik at ei kartlegging viser at denne er lite brukt, og at kommunen vil ta den ned for å spare utgiftene til leige av areal.

Kommunalsjef service og forvalting, Thomas Lindås, orienterte om ny mellombels forskrift som opnar for fjernmøte og skriftelege møte i politiske organ. Lindås viste vidare til det som ligg av delegeringsvedtak per i dag, vedteke i kommunestyret i 2017, der ordførar og formannskap har mynde til å gjera strakstiltak.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at fjernmøte var OK, og spurte om formannskapet skal samlast kvar veke eller kvar 14. dag for å halda kontakt når kommunestyret ikkje møtest.

Rådmann Liv Løvvik rådde til at å avlysa det kommande møte i kommunestyret 2. april. Eventuelt måtte det vera eit møte for å fornya fullmaktene, men ser ikkje at det er naudsynt med andre delegasjoner enn det ein har. Løvvik sa vidare at formannskapet kan ta sine møte på Teams, med opptak og offentleggjering i etterkant.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det berre er smittevernplanen som må handsamast frå det oppsette møtet 2. april, denne kan ein ta via e-post med godkjenning på mail. Å ha Teams-møte i formannskapet må vera bra, gjerne med jamlege møte som Dyrkolbotn ba om. Lerøy ba om at ein planlegg ut mai med jamlege møte i formannskapet, og så ser ein kva som er mogleg å få til framover.

På bakgrunn av dette blir det sendt melding til kommunestyret om at møtet 2. april er avlyst, neste oppsette møte er torsdag 28. mai. I formannskapet vert det møte på Teams fredag 27. mars og onsdag 8. april, begge dagar klokka 14.30, og vidare etter dette annakvar fredag ut mai månad.

Referat og informasjon til formannskapet går også til kommunestyret i denne perioden.

Møtesekretær inviterer til møta i Teams, og sender linken på e-post i tillegg.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for å ta orienteringane til vitande.

FS - 023/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Orienteringane vart teke til vitande.

024/20: Budsjettoppfølging per februar 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Budsjettoppfølging for februar 2020 vert teke til vitande.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Olav Birger Andersen orienterte om økonomien per tredje kvartal 2019. (Sjå tertialrapporten som ligg ved møteboka)

- Gode skatteinntekter i 2019 var redninga for kommunen, og gjorde opp for at det ikkje kom utbytte frå AS Austrheim Næringssselskap. Kommunen nådde det målet som var sett om kutt i personalutgifter, men må samstundes ha med seg at noko av desse personalutgiftene vert fakturerte, som Nav og Nordhordland brann og redning. Etter kvart vert også lønsutgiftene til barnevern fakturerte, når dette kjem over i Alver.

Det er grunn til å vera nøgd med eit resultat på 4,1 millionar. Resultatet er rett nok ikkje ferdig revidert, men slik det er no ser det ut for at det står att 800.000 kroner igjen av tidlegare underskot, som skal dekkast inn i løpet av inneverande år.

Ordførar Per Lerøy sa at Austrheim var godt i løypa for å klara å ta inn att underskotet i år, men det spørst no som kommunen er råka av både Korona- og oljekrise. Kommunen har gjort det ein kan politisk og administrativt for å klara å komma seg ut av Robek, men så kom dette.

Økonomisjef Olav Birger Andersen gjekk gjennom likviditetsoversikten (ligg ved møteboka).

- Kommunen har ein kassakredit, men denne er ikkje i bruk per i dag. Det vert spennande framover, med den unntakssituasjonen som ein har no.

Ordførar Per Lerøy ba om at det vart gjeve kontinuerleg oversikt over skattesvikten i år, sett opp mot budsjettete inntekter og saldo til same tid i fjor. Lerøy sa at ein må vera førebudd på at skatteinntektene kjem til å svikta i mai månad.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at ein må vera tidleg ute og bremsa opp, dersom ein ser at inntektene sviktar.

Rådmann Liv Løvvik sa at for likviditeten vil det også slå ut at kommunen ikkje får inntekt frå barnehage og SFO.

Økonomisjef Olav Birger Andersen sa om lønsutgifter i 2020 at det vil slå ut med nye kommunalsjefar, og at det vil kosta noko at det er overlapping på jobben som økonomisjef, når Dommersnes er på plass frå 30. mars.

Andersen orienterte også om ei desinfiseringsmaskin som er kjøpt inn til Nordliheimen, tek 230.000 kroner frå investeringar til V/A og brukar til dette. Overføringa vert lagt inn i budsjettjusteringa for 1. tertial.

Ordførar Lerøy sa at skatteinngangen er 1,4 millionar over så langt i året, men at det nok kjem ein trøkk i mai. Viktig at Austrheim får svikten kompensert av Staten, som ein av dei kommunane som er ilandføringskommunar for olje og store på oljeservice. Austrheim må synga ut om situasjonen, det er ikkje så mange andre kommunar som er i ein tilsvarannde situasjon.

Varaordførar Inger Lise Brekke (H) sa at fallet i oljeprisen kan gje ein lengre stopp enn Korona. Nokre av dei permitterte kan verta ute meir langvarig, dersom bedriftene ikkje vil ta dei inn att.

Rådmann Liv Løvvik sa at ein i tidlegare kriser har sett at arbeidsgjevarar vegrar seg for å gjera tilsettingar etter at ein like før har redusert i arbeidsstokken.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 024/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Budsjettoppfølging for februar 2020 vert teke til vitande.

003/20: Kommunale biler og transportbehov

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet/Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, gjekk gjennom status for kommunale kjøretøy, med status i dag og kva som er behovet framover. Kommunestyret sa i budsjettvedtaket 12. desember at Austrheim skal ha mest mogleg elektriske kjøretøy, Myrmel sa at heimetenesta i alle fall må ha ein bil som går på fossilt brensel med tanke på beredskap ved straumbrot.

Heimetenesta har i dag ei blanding av elbilar og varebilar, per no har elektriske varebilar på marknaden for kort rekkevidde. Å bruka eigen bil i heimetenesta er ikkje bra, med tanke på smittesituasjonen.

Med tanke på transporten ein kjører for tilsette ved Aufera på Manger skulle kommunen hatt ein åtesesar, for å sleppa å kjøra med to bilar.

Generelt sett ser ein at mindre bilar bør skiftast etter 5-7 år, etter dette går vedlikehaldsutgiftene raskt oppover.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FS - 003/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Formannskapet/Kommunestyret tek orienteringa til vitande.

025/20: Skilting Vardevegen

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommunestyre vedtek innføring av einvegskøyring på strekninga kryss mot Kalandsjøen til kryss ved Kalandsneset med innkjøring frå sør i tidssona 0800-1500 mandag til fredag.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Einingsleiar teknisk drift, Rolf Henning Myrmel, var inne på møtet via Teams. Myrmel orienterte om status for hjartesoneprosjektet på Kaland. Der gjekk det 170.000 kroner til riving av Vardehuset, noko som eigentleg ikkje var inne i prosjektet, og så skal det gjerast litt arbeid med asfalt der Vardehuset stod, det er hekkar som skal opp og noko skilting. Per i dag er det ei overskriding på prosjektet på kring 41.000, og det trengs 100.000 kroner i tillegg for å gjera alt arbeidet ferdig. Når ein tek inn at

Vardehuset ikkje var del av prosjektet er resten løyst for 30.000 kroner under ramma. Overføringa som trengs ekstra vil ein ta frå ramma sett av til investeringar i V/A.

Myrmel sa om skilting ved Kaland skule at det skal skiltast med einvegskjøring (i skuletida) frå Kaland skule mot Fonnes senter. Detter er slik ein i prinsippet har det i dag, men utan skilting. Målet er å redusera kjøringa så mykje som mogleg, og med einvegskjøring i skuletida så skal ein unngå at folk svingar inn på plenar for å kunna passera kvarandre. Det vert einvegskjøring i tidsrommet 08-15, måndag til fredag.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette er eit forsøk, fungerer det ikkje så må ein gjera om på dette. Morten Sognnes (H) sa at no er det laga eit flott gangfelt til skulen frå Fonnes senter, så no får folk bruka dette. Det er berre 2-300 meter frå Fonnes senter og ned til skulen, skal ikkje vera nødvendig å kjøra heilt fram.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn (Sp) sa at det er bra det vert gjort noko, slik det er i dag fungerer det ikkje. Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om skulebussen at prinsippet er kantstopp, men det må vera korte stopp, bussen kan ikkje stå der lenge. Har vore og sett, og då fungerte det bra med korte kantstopp. Vidare gjeld det å ha litt tolmod og læra folk korleis dei skal ordna dette, men om det ikkje fungerer over tid så må ein ta grep med ombygging/skilting. Heile Hjartesone-prinsippet er at ein ikkje skal ha bilar tett innpå skulen, og lærarar og elevar har gjort dette bra.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 025/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Austrheim kommunestyre vedtek innføring av einvegskøyring på strekninga kryss mot Kalandsjøen til kryss ved Kalandsneset med innkjøring frå sør i tidssona 0800-1500 måndag til fredag.

026/20: Søknad om tilskot frå næringsfondet

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune har for tida ikkje midlar i næringsfond, og kan ikkje gi tilskot til Optimal hudhelse AS

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Rådmann Liv Løvvik sa at kommunen diverre ikkje midlar til dette no.

Det var semje i formannskapet om at ein gjerne skulle hatt midlar til å støtta søknadene til næringsfondet.

Inger Lise Brekke ba om at søker vart vist vidare til andre stader der ein kan søka om midlar.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 026/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune har for tida ikkje midlar i næringsfond, og kan ikkje gi tilskot til Optimal hudhelse AS

027/20: Detaljregulering for Næringsområde N41 og N42 Kaland, vest for Mongstadkrysset, planid. 2018002 - Offentleg ettersyn

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune legg **Detaljregulering for Næringsområde N41 og N42 Kaland, vest for Mongstadkrysset, planid. 2018002** ut på offentleg ettersyn. Plandokumenta med planskildring og føresegner er datert den 05.03.2020, reguleringsplankart og ROS-analyse er datert den 04.03.2020. Illustrasjonsplanane 1 og 2 er datert 03.03.2020. Grunngjevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, og viste skisser over korleis næringsområdet kan utnyttast.

- Plasseringa er god med romsleg plass og tilgang på elektrisk kraft. Kommunen lagar no ein fleksibel plan som er tilpassa store og små aktørar, og har med ulike scenario for korleis dette kan bli. Det viser seg at det er lite areal tilgjengeleg av denne typen, med store samanhengande areal. Det er også mogleg med jorddeponering innanfor planområdet.

Morten Sognnes (H) spurte om det kjem gangveg gjennom dette området, slik at det er mogleg å gå fra Keilebrua og bort til butikkane.

Asbjørn Toft svara at det kjem også gangfelt langs fylkesveg 57. Det kan laga problem om ein legg gang og sykkelveg gjennom sjølve industriområdet, særleg om det skal komma store fabrikkar. Men ønsket om gangveg gjennom området kan ein gjerne komma med i innspelsrunden, etter høyringa så skal det gjerast justeringar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det hadde vore bra med gang/sykkel gjennom området slik ein har fått til på Litlås.

Om planområdet sa Lerøy at dette er tidlegare torvmyr der ein har teke ut torv, og eit lite grøderikt område i kommunen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om planen låser området til store bygningar/fabrikkar, Avdelingsleiar Toft svara nei på det.

Dyrkolbotn peika på at det i dette arealet er mogleg å bruka spillvarme frå Equinor Mongstad, det er ikkje røyr heilt fram, men det er lagt ned trekkerøyr under fylkesveg 57.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det har vore interesse for areal til større fabrikkar. No er planen lagt opp slik at det er mogleg å bygga stort utan at ein treng dispensasjonar.

Rådmann Liv Løvvik viste til at det har vore interesse frå større investorar, som Invest in Bergen med fleire.

Ordførar Lerøy (Ap) sa at eksterne investorar er imponerte over at Austrheim kommune er såpass klare med areal til industri. Dersom ein klarer å ha planen klar til vedtak i kommunestyret i juni, så er det bra. Her i området rundt Mongstad er det kompetanse innan mange felt, det er bra beredskap, og BKK er klar med straum. Austrheim kommune har spelt vidare inn til Mongstad Vekst at dei må starta opp med regulering av området frå Keilevegen og til kommunegrensa mot Alver.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 027/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune legg **Detaljregulering for Næringsområde N41 og N42 Kaland, vest for Mongstadkrysset, planid. 2018002** ut på offentleg ettersyn. Plandokumenta med planskildring og føresegner er datert den 05.03.2020, reguleringsplankart og ROS-analyse er datert den 04.03.2020. Illustrasjonsplanane 1 og 2 er datert 03.03.2020. Grunngjevinga står i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-10.

028/20: Dispensasjon frå plankrav til bygging av eit lagerbygg i eit steinbrudd på gbnr. 160/10- Rebnor

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå reguleringsplan **Rebnor Campingplass, planid. 2004002** til omsøk lagerbygg.

1. Det er eit vilkår at Statens vegvesen handsamar avkjørselen etter veglova før igangsettingsløyve til lagerbygget kan gjevast.

2. Takvinkel på bygget skal vera mellom 22-45 grader.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka. Toft sa at dette er ein god måte til å komma i gang med aktivitet i området, og Fylkesmannen er positiv til tiltaket.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 028/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå reguleringsplan **Rebnor Campingplass, planid. 2004002** til omsøk lagerbygg.

1. Det er eit vilkår at Statens vegvesen handsamar avkjørselen etter veglova før igangsettingsløyve til lagerbygget kan gjevast.

2. Takvinkel på bygget skal vera mellom 22-45 grader.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2 jf. § 12-4.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering

029/20: Godkjenning av mindre planendring av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner mindre planendring for Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 i samsvar med planframlegget som vart sendt på offentleg ettersyn. Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-14.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

Planen er endra noko, ei mindre endring for å imøtekomma Fylkesmannen sine tidlegare krav.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 029/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner mindre planendring for Detaljregulering av skule- og barnehageområdet på Kaland - del av gbnr. 130 og 131, planid 2017002 i samsvar med planframlegget som vart sendt på offentleg ettersyn. Grunngjevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 12-14.

030/20: Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan til parkeringsplass og til dispensasjon frå kommuneplan til mindre flytebrygge

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå planformålet frå detaljreguleringsplan for hyttefelt H06 til omsøkt parkeringsplass og dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til omsøkt flytebrygge og gangsti ned til denne. Det vert også gjeve dispensasjon frå byggjegrense langs veg. Vilkåra er at parkeringsplass vert skilta som open for ålmenta og flytebryggja vert sikra og skilta med ein båtplass som gjestebrygge for ålmenta. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4 og § 1-8.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klageurdering.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

Planen er endra noko, og med mindre flytebrygge og mindre parkeringsplassen enn det var lagt opp tidlegare, så kjem ein Fylkesmannen i møte.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det uansett ikkje var naturleg å ferdast i strandsona på denne plassen, slik at tiltaket ikkje reduserer tilgangen til strandsona.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 030/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune gjev på vilkår dispensasjon frå planformålet frå detaljreguleringsplan for hyttefelt H06 til omsøkt parkeringsplass og dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel til omsøkt flytebryggje og gangsti ned til denne. Det vert også gjeve dispensasjon frå byggjegrense langs veg. Vilkåra er at parkeringsplass vert skilta som open for ålmenta og flytebryggja vert sikra og skilta med ein båtplass som gjestebrygge for ålmenta. Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 19-2, jf. § 12-4 og § 1-8.

Saka vert sendt til Fylkesmannen i Vestland til klagevurdering.

031/20: Smittevernplan for Austrheim kommune 2020 - Godkjenning

Rådmannen sitt framlegg:

Austrheim kommune godkjenner Smittevernplan for Austrheim kommune 2020. Vedtaket er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* §§ 7-1 og 7-2 med forskrifter, men og i anna lovverk.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Kommunelege Peter Kubon orienterte om arbeidet med ny smittevernplan.

- No er det gjort ein grundig revisjon av smittevernplanen. Arbeidet er gjort i samarbeid med dei andre kommunane i randkommunesamarbeidet, der kommuneoverlegane og andre i kommunehelsetenesta har jobba saman, og ein har også sett til andre kommunar for å få ein mest mogleg heilskapleg plan. Det faglege er felles, med lokale tilpassingar på funksjonar og namn i eigen kommune. Det er også sett på smittevernplanane til fylkeskommunen og sjukehusa, og no har smittevernplanen det innhaldet den skal ha. Planen skal vera eit fagleg godt arbeidsreiskap i arbeidet med smittevern.

I planen har ein oppdatert kontaktopplysningar for kvar kommune, men sjølvé planen treng ikkje godkjennast på nytt dersom det berre er endringar i namn og nummer, eller det er nye kjelder det skal lenkast vidare til.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at planen vert sendt ut til medlemmene i kommunestyret, med beskjed om å mælda skriftleg tilbake om dei støttar den eller ikkje. (Skal godkjennast av kommunestyret, men det er avlyst på grunn av Korona)

Kommunelege Kubon sa at planen skal sendast fylkeslegen med fleire når den er godkjent, det ordnar kommunelegen.

Inger Lise Brekke (H) spurte om planen alt var teke i bruk under den pågående Korona-situasjonen.
Kommunelege Kubon svara at planen har mange element som har komme til nytte, som til dømes pandemiplanen ligg som tillegg i smittevernplanen.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - 031/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Austrheim kommune godkjenner Smittevernplan for Austrheim kommune 2020. Vedtaket er heimla i *Lov om vern mot smittsame sjukdommar* §§ 7-1 og 7-2 med forskrifter, men og i anna lovverk.

032/20: Prikktildeling Kilstaumen Brygge AS

Rådmannen sitt framlegg:

Kilstaumen Brygge AS vert tildelt i alt 6 prikker for dei brota som skjenkekollen avdekkja i kontrollen 25. desember 2019. Prikkane vert ståande i to år frå denne datoene, fram til 24. desember 2021.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

I denne saka var det to ugilde, som vart erstatta av vararepresentant.

Helge Dyrkolbotn (KrF) har eigarinteresser i Kilstaumen Brygge AS, for han møtte Randi Keilegavlen Dyrøy.

Bjørn Inge H. Dyrkolbotn er sonen til Helge Dyrkolbotn, for Bjørn Inge H. Dyrkolbotn møtte Lise Renate Helle.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 032/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Kilstaumen Brygge AS vert tildelt i alt 6 prikker for dei brota som skjenkekollen avdekkja i kontrollen 25. desember 2019. Prikkane vert ståande i to år frå denne datoene, fram til 24. desember 2021.

033/20: Tilsynsstrategi Austrheim kommune 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jamfør byggesaksforskrifta § 15-1.

19.03.2020 FORMANNSKAPET

Avdelingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka.

Toft sa at Austrheim tidlegare hadde eit prosjekt med felles tilsyn for regionen, men etter at Alver-kommunane gjekk ut så ville ikkje andre kommunar vera med heller.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak

FS - 033/20 - 19.03.2020 - Vedtak:

Formannskapet i Austrheim kommune vedtek tilsynsstrategien slik den ligg føre.

Grunngjevinga er gjeve i saksutgreiinga.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningsloven § 25-1, jamfør byggesaksforskrifta § 15-1.
